

Heisann,

vedlagt finn de spørsmål til fylkesordføreren i samband med tingsetet i Sogndal.

Med beste helsing

Alexander Fosse Andersen

Vestland Senterparti

Spørsmål frå Alexander Fosse Andersen (Sp) om læremiddel på begge målformer

Vestland er kjerneområdet for nynorsk, Vestland fylkeskommune har difor eit særleg ansvar for å sikre eit levande og aktivt nynorsk skriftspråk. Her speler skulen ei viktig rolle. I språkdelt område, mellom anna i Hordaland, har det vore ein tendens at elevar byter målform mellom grunnskulen og vidaregåande, særleg gjeld dette bytet frå nynorsk til bokmål. Senterpartiet har vore og er uroa over målbytet frå nynorsk til bokmål i overgangen grunnskule/vidaregåande.

Årsakene til målbyte har ein for liten kunnskap om, men Senterpartiet er tydeleg på at fylkeskommunen må leggje tilhøva til rette slik at det er mogleg for elevar å halde fram med same målform som dei hadde i grunnskulen om dei ynskjer det. Difor er det mellom anna viktig at lærebøker og andre læremiddel ligg føre til same tid på bokmål og nynorsk. I samband med at dei nye læreplanane vert tekne i bruk frå hausten 2020, skal det utviklast nye lærebøker og læremiddel. Senterpartiet registrer at det er årsaka til den monalege auken i løyvinga til NDLA i budsjett 2020.

Eg har difor følgjande spørsmål til fylkesordføraren:

1. I Opplæringslova § 9-4 heiter det: «*I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. I særlege tilfelle kan departementet gjere unntak frå denne regelen.*» Ligg digitale læremiddel hjå NDLA føre på bokmål og nynorsk til same tid i dag?
2. Korleis har Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar jobba opp mot NDLA for å sikre at læremiddel skal liggje føre på begge målformene til same tid?
3. Kva gjer Vestland fylkeskommune for at læremiddel hjå NDLA skal liggje føre på begge målformene til same tid når dei nye læreplanane vert tekne i bruk hausten 2020?